



Jnr. 1034.19
GJG/rr

Ordførarar og rådmenn i Sunnhordland

INNKALLING TIL EKSTRA MØTE I SAMARBEIDSRÅDET OG ARBEIDSUTVALSMØTE

Det vert med dette kalla inn til eit ekstra møte i Samarbeidsrådet

fredag 1. mars kl. 08.30 på Samarbeidsrådet sitt møterom.

Då vert føre:

Sak 08/19 Prioritering av skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt

Sak 09/19 Ymse

Det vert lagt opp til handsaming av denne saka kl. 08.30. Etter handsaming av saka vert det arbeidsutvalsmøte. Her er det sendt ut eiga innkalling til AU medlemmene.

Sunnhordland, 21. februar 2019

Gro Jensen Gjerde
Dagleg leiar

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 1. mars kl. 08.30
Samarbeidsrådet sitt møterom

Sak 08/19
GJG/rr

SKJØNSMIDLAR FRÅ FYLKESMANNEN - PRIORITERING

Fylkesmannen har i brev datert 19 november 2018 invitert kommunane til å søkje om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2019. Fristen for kommunane til å søkje om prosjektskjøn er fredag 1. mars 2019.

Samarbeidsrådet har fått frist til 4. mars med å koma med prioriteringsliste frå regionen.

Ordinært skjønstilskot er ein del av rammetilskotet til kommunane. Fylkesmannen har til no fordelt kr 88,0 mill. av den totale skjønnsramma på kr 115,6 mill. til kommunane i Hordaland for 2019. Restsummen på kr 27,6 mill. vil bli nytta til prosjektskjøn og til generell fordeling i året der også uventa hendingar vil bli tekne omsyn til.

Retningsliner frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Generelt

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i retningslinene for skjønstilskot presisert at føremålet med skjønsmidlane er å fanga opp lokale tilhøve som ikkje blir ivaretekne godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre faste tilskotsordningar. Departementet viser i retningslinene også til at Fylkesmannen bør gi ein del av skjønnsramma til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane.

Departementet ynskjer at Fylkesmennene held tilbake skjønsmidlar for å kunne ta omsyn til kommunar som får uventa økonomiske utfordringar i løpet av året. Departementet syner til at det også omfattar kommunar som blir ramma av naturskade eller andre ekstraordinære hendingar, i den grad departementet ikkje sjølv gir kompensasjon. Dersom midlane ikkje blir nytta til uventa utgifter i året, kan dei bli betalte ut til andre føremål på slutten av året.

Prosjektskjøn

Departementet ønskjer at Fylkesmennene skal gi skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn). Eit viktig føremål med skjønstilskot til fornyings- og innovasjons-prosjekt er å gi kommunane høve til å prøva ut nye løysingar på utfordringane sine. Prosjekta kan omfatta alle tenesteområda i kommunen.

Departementet har også for 2019 presisert at det berre er kommunane sjølve som kan søkje om midlar og stå som ansvarleg for prosjektet. Det må vere kommunane sjølve som skal vere den sentrale part både som initiativtakar og deltakar, i prosjekt som oppnår skjønsmidlar.

Kommunar må i søknader om prosjektskjøn syne til ein gjennomtenkt og realistisk prosjekt-plan og gjere greie for utfordringane sine. Kommunen må vise til klare målsetjingar med prosjektet og val av løysingar som skal bli prøvde ut i prosjektet.

Prosjekt/oppgåver som ikkje blir støtta

Det skal ikkje bli gitt tilskot til utføring av ordinære driftsoppgåver. Det skal ikkje bli gitt tilskot til reine næringsutviklingsprosjekt eller til interne strukturelle omorganiseringar. Interkommunale prosjekt vil i hovudsak berre kunne få tilskot i etableringsfasen.

Søknader som kjem inn under forsøkslova

Alle søknader som kjem inn under forsøkslova (lov om forsøk i offentleg forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87) skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Satsingsområde

Kommunesektoren er i omstilling med utfordringar knytte til økonomi, innsparing av kostnader, rekruttering av relevant fagkompetanse og målsetjing om å effektivisera drifta.

Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikla og modernisera kommunesektoren.

Fylkesmannen ynskjer å stimulera kommunane til prosessar innan og mellom kommunar for å kunne utvikle tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta. I hovudsak prioriterer vi å støtte samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gi betre læringseffekt.

I åra 2015 - 2018 er ein del av skjønssramma gitt til satsinga mot barnefattigdom. Kommunane Askøy, Fjell, Bergen, Ullensvang og Kvinnherad har fått økonomisk støtte til å prøva ut ulike strategiar i arbeidet mot fattigdom i barnefamiljar. Vi legg også for 2019 opp til å gi ein del av skjønssramma til dette føremålet som ei eiga fordeling, utanom ordinært prosjektskjøn.

Nedanfor er satsingsområda våre for prosjektskjøn 2019, som er felles for kommunane i Hordaland og for kommunane i Sogn og Fjordane.

1. Kommunale tenester til:
 - helse og omsorg t.d. velferdsteknologi og auka krav innanfor rus og psykiatri
 - barnehage- og skulemiljø
 - barnevern eller barn som er utsette for vald og overgrep
2. Digital forvaltning, med vekt på brukarvenlege tenester og innhald:
 - samarbeidsprosjekt som gjer at flest mogeleg av kommunane i fylket brukar same kompetanse- og teknologiplattform, vert prioriterte
3. Samfunnsutvikling til dømes på desse områda:
 - rekruttering
 - interkommunalt planarbeid til dømes om folkehelse, massedeponi, oppdrett og akvakultur
 - kommunale planverktøy og digitale kart
 - samfunnstryggleik og beredskap
 - klimatilpassing eller tiltak for å redusera klimagassutslepp
4. Interkommunale utviklingsprosjekt:
 - utgreiingar som grunnlag for vidare prosessar i kommunereforma

- tenestesamarbeid på område der det har oppstått endringar som følgje av kommunereforma
- samarbeid om skogbruks- og landbruksforvaltninga

Kommunal forankring og ansvar

For å få tilskot må prosjekta vera forankra hos den politiske leiinga i kommunen, og i det minste hos ordførar og rådmann.

For å sikra forankring og tilknytning til prosjektet er det ein føresetnad at kommunane deltek med ein kommunal eigenfinansiering. I retningslinene for skjønstilskot frå departementet er det lagt til grunn at det må vere ein kommunal eigenfinansiering. Vi legg som hovudregel til grunn at skjønsmidlane frå Fylkesmannen ikkje skal utgjere meir enn 50 prosent av kostnadene til prosjektet.

Prosess for tildeling

Frå og med fordelinga for 2014 har det vore ein søknadsprosess der regionråda har ei koordinerande rolle. Fylkesmannen har vore ansvarleg for sjølve tildelinga, men denne har i stor grad bygd på prioriteringane frå regionråda. Det har også vore eit ynskje at regionråda bidreg til at kommunane får fram gode prosjekt med sikte på fornying og innovasjon.

Innkomne søknadar:

| | SØKJAR | PROSJEKTNAMN | ANDRE INVOLVERTE KOMMUNAR |
|---|---------------|--|--|
| 1 | Sveio kommune | Prosjekt Framtidsretta kommunale tenester i NAV | Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Tysnes |
| 2 | Stord kommune | Kompetansebank for rehabilitering, helse og omsorg (RHO) i Stord kommune | Ingen |
| 3 | Stord kommune | Velferdsteknologi i institusjon og i tenester for personar med utviklingshemming | Ingen |
| 4 | Stord kommune | Fastlegen i den kommunale helse og omsorgstenesta | Ingen |
| 5 | Stord kommune | Kommunen som attraktiv arbeidsgjevar | Ingen |
| 6 | Bømlo | Samskaping i plan | Fitjar og Stord |
| 7 | Stord | Kompetanse og samarbeid rundt yngre, utfordrande brukarar | Ingen |
| 8 | Stord | Det viktigaste i verda | Ingen |
| 9 | Stord | Alle med – heile vegen! | Ingen |

BESKRIVING AV SØKNADANE

1. PROSJEKT FRAMTIDSRETTA KOMMUNALE TENESTER I NAV

Føremålet med prosjektet er å greie ut det kommunale handlingsrommet i høve kommunale tenester i NAV kontora i Sunnhordaland (Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes) med fokus på;

- Kostnadseffektivitet
- Kvalitet
- Likskap

Aktuelle områder;
-Gjeldsrådgeving
-Forvaltning
-Økonomisk sosialhjelp
-Rus
-Oppfølgingstiltak, td. unge og innvandrara
-Kvalifiseringsprogrammet
-evt. andre

Mål

- Greie ut handlingsrommet i høve kommunale tenester i NAV kontora i Sunnhordland og gje kunnskap til kommunane.

Delmål

- Utarbeide prosjektplan for prosjektperioden.
- Gje råd til kommunane i høve framtidig organisering av dei kommunane tenestene, herunder moglege interkommunale samarbeid og interkommunale nettverk.

Bistå med implementering av eventuelle forslag som skal gjennomførast i kommunane.

ORGANISERING, OMFANG OG AVGRENSNING

Prosjektet skal greie ut handlingsrommet til kommunane i høve Kommunale tenester i NAV kontora i Sunnhordland. Prosjektperioden vil vere 2 år frå oppstart.

Prosjektet vil vere eit interkommunalt samarbeidsprosjekt med Sveio kommune som vertskommune. Kommunane i Sunnhordland; Bømlo, Stord, Tysnes, Kvinnherad, Fitjar og Sveio er saman om prosjektet og vil følge opp prosjektet med deltaking i arbeidsgruppe og styringsgruppe

Kva område som vert definert som kommunale tenester vert definert av prosjekteigar om det er uklårt.

Prosjektet vil vere eit samarbeidsprosjekt med NAV Vestland der det og vil og bli tilsett ein statleg prosjektleiar som vil ha tilsvarande oppgåver for NAV Vestland. Prosjektleiarane vil ha tett samarbeid, men åtskilte fokusområder hhv stat og kommune. Det vil vere felles styringsgruppe og arbeidsgruppe for prosjektet.

Bakgrunn for prosjektet

Arbeids- og velferdsforvaltningen (NAV) består av både kommunale og statlege tenester. Stat og kommune har gjennom eit likeverdig partnerskap eit felles ansvar for drift av NAV-kontora, og skal sikre eit samordna tenestetilbod til som brukarane. Stat og kommune har likevel eit sjølvstendig ansvar for kvar sine tenester.

Den statlige delen av NAV, forvaltar dei statlege tenestene og ytingane som er regulert i mellom anna folketrygdloven, NAV-lova og forskrift om arbeidsretta tiltak.

Kommunen forvaltar tjenestene etter sosialtenestelova. Dette er tenester som skal gis tilbod om i NAV-kontora. Ein del kommuner har i tillegg lagt andre kommunale tenester i NAV-kontora, som for eksempel oppfølging av rusmiddelavhengige, bustøtte og -oppfølging og introduksjonsprogrammet. NAV-kontora i Sunnhordland har ulike tenestemeny i sine kontor, det er likevel endel likskap på sentrale områder.

NAV-kontora skal bidra til sosial og økonomisk tryggleik for dei som opphaldar seg i kommunen. Herunder skal NAV-kontoret førbygge at det oppstår sosiale problem og betre levekåra for vanskelegstilte.

I statleg del av NAV-kontora har det sidan etablering av kontora vore fleire og omfattande endringar. I kommunal del har det vore mindre endringar, og endringane har gjerne vore ift tenestemeny.

Prosjektet med denne søknad ynskjer å greie ut det kommunale handlingsrommet i høve dei kommunale tenestene i NAV-kontora for å gje prosjektkommunane kunnskap om dei er optimalt organisert, eller om det er rom får å sjå på endra organisering, interkommunalt samarbeid eller interkommunale nettverk som kan gje auka kostnadseffektivitet, betre kvalitet og meir likskap i dei kommunale tenestene.

Til dømes:

Tabellane viser utvikling og samanlikning av økonomisk sosialhjelp i Sunnhordlandskommunane i åra 2012-2016. Tabellane synar stor variasjon mellom kommunane:

| 2012 | | |
|-----------|------------|------------------|
| Rangering | Kommune | Kr Pr: Innbygger |
| 1 | Etne | 186,66 |
| 2 | Fitjar | 257,5 |
| 3 | Tysnes | 288,13 |
| 4 | Bømlo | 366,15 |
| 5 | Kvinnherad | 518,7 |
| 6 | Sveio | 572,4 |
| 7 | Stord | 684,93 |

| 2013 | | |
|-----------|------------|------------------|
| Rangering | Kommune | Kr Pr: Innbygger |
| 1 | Etne | 282,95 |
| 2 | Tysnes | 310,69 |
| 3 | Fitjar | 311,98 |
| 4 | Bømlo | 440,32 |
| 5 | Sveio | 534,16 |
| 6 | Stord | 585,41 |
| 7 | Kvinnherad | 598,03 |

| 2014 | | |
|-----------|------------|------------------|
| Rangering | Kommune | Kr Pr: Innbygger |
| 1 | Tysnes | 415,29 |
| 2 | Etne | 451,47 |
| 3 | Bømlo | 516,65 |
| 4 | Fitjar | 534,84 |
| 5 | Stord | 553,66 |
| 6 | Sveio | 654,8 |
| 7 | Kvinnherad | 682,85 |

| 2015 | | |
|-----------|------------|------------------|
| Rangering | Kommune | Kr Pr: Innbygger |
| 1 | Bømlo | 445,25 |
| 2 | Tysnes | 635,16 |
| 3 | Fitjar | 679,47 |
| 4 | Etne | 683,77 |
| 5 | Stord | 695,69 |
| 6 | Sveio | 776,09 |
| 7 | Kvinnherad | 895,75 |

| 2016 | | |
|-----------|------------|------------------|
| Rangering | Kommune | Kr Pr: Innbygger |
| 1 | Fitjar | 537,25 |
| 2 | Bømlo | 646,79 |
| 3 | Tysnes | 720,84 |
| 4 | Stord | 846,27 |
| 5 | Etne | 862,34 |
| 6 | Sveio | 936,88 |
| 7 | Kvinnherad | 949,19 |

ORGANISERING AV PROSJEKT

| Rolle | Namn | Oppgåve |
|-----------------------|---|--|
| Prosjekteigar | Sveio kommune v/Kommunalsjef Ingunn Toft | Overordna ansvar for prosjektet |
| Styringsgruppe | -Rådmenn/Kommunalsjefar i kommunane -NAV Vestland v/Dir. tenesteutvikling -Prosjekteigar: Kommunalsjef i Sveio kommune -Regionleiar i NAV Sunnhordland -Tillitsvalte/Vernetenesta | Sikre framdrift Gir råd og rettleiing Drøftingspartner |
| Prosjektleiar | -Kommunal prosjektleiar -Statleg prosjektleiar | Ansvar for gjennomføring Informere styringsgruppe |
| Arbeidsgruppe | -Kommunal prosjektleiar -Statleg prosjektleiar -2 NAV leiarar -2 statlege og 2 kommunalt tilsette -Tillitsvalte/vernetenesta | Utarbeide grunnlag for prosjektet. Følgje opp ved oppstart og evalueringar. |

SUKSESSKRITERIER

Kva skal til for at vi lukkast?

- Eit godt gjennomarbeidd forprosjekt og felles forståing av måla.
- Å sikre at alle som er involvert eller vil bli involvert forstår verdien av prosjektet – ved å sikre god informasjon og god kommunikasjon.
- Eit godt samarbeid med felles prosjektforståing.
- Ein god forankring i alle ledd; Adm.leiing, politisk, tillitsvalt/verneteneste samt tilsette og leiarar i alle kommunane.

Framdriftsplan

| AKTIVITET | ANSVAR | TIDSFRIST |
|--|---------------|-----------|
| Forfase | | |
| Prosjektførebuing og tilsetjing av prosjektleiar | Prosjekteigar | 01.06.19 |
| Utarbeiding av detaljert prosjektplan | Prosjektleiar | 01.09.19 |
| Prosjektfase | | |
| Kartlegging og utgreiing i kommunane | Prosjektleiar | 01.04.20 |
| Forslag til kommunane | Prosjektleiar | 01.09.20 |
| Implementering i kommunane | Prosjektleiar | 31.05.21 |

FINANSIERING

Prosjektet vil totalt bestå av 2 100% prosjektleiarstillingar.

| | Kva | Omfang - tid | Sum | Finansiering |
|---|-------------------|--------------|-------------|------------------------------|
| 1 | Eigenfinansiering | 2019 | 1 000 000,- | Finansierast av NAV Vestland |
| 2 | Søkt tilskot | 2019 | 1 000 000,- | Skjønsmidlar-tilskot |

Vurdering:

På møte i Samarbeidsrådet i desember var leiar av NAV vestland m.f. og gav ei orientering om organiseringa av NAV vestland, men hovudfokus var om kommunane kunne koma opp med prosjekt som og kunne vera i samarbeid med deira nyttilsette prosjektleiar i NAV stat. I møte vart det gjeve ei kort orientering om at Sveio kommune med fleire arbeidde med eit prosjekt, som var relevant i høve til dei utfordringane NAV ynskte å ha fokus på.

Gjennom dette prosjektet ynskjer kommunane å greie ut det kommunale handlingsrommet i høve dei kommunale tenestene i NAV-kontora for å gje kommunane kunnskap om dei er optimalt organisert, eller om det er rom får å sjå på endra organisering, interkommunalt samarbeid eller interkommunale nettverk som kan gje auka kostnadseffektivitet, betre kvalitet og meir likskap i dei kommunale tenestene.

Prosjektet vil vere eit samarbeidsprosjekt med NAV Vestland der det og vil og bli tilsett ein statleg prosjektleiar som vil ha tilsvarande oppgåver for NAV Vestland. Prosjektleiarane vil ha tett samarbeid, men åtskilte fokusområder hhv stat og kommune. Det vil vere felles styringsgruppe og arbeidsgruppe for prosjektet.

Prosjektet er i tråd med dei innspela NAV kom med i møte i desember, og administrasjonen rår til at prosjektet vert prioritert.

2. KOMPETANSEBANK FOR REHABILITERING, HELSE OG OMSORG (RHO) I STORD KOMMUNE

Prosjektet handlar om å utvikle ein kompetansebank for tenesteområdet rehabilitering, helse og omsorg. Ein ønskjer å laga videoar av prosedyrar og lagra desse på ein IKT plattform for kunnskapsspreiing til alle einingane i RHO.

Bakgrunn

Dei kommunale helse- og omsorgstenestene i Norge har god kvalitet. Det er likevel nye og fleire utfordringar som kommunane har fått og får framover. Fleire menneske har kroniske sjukdommar og meir komplekse tilstandar. Dette krev auka kompetanse, at me jobbar meir fleirfagleg og at me utarbeider nye arbeidsformer.

Me er sett til å inneha nødvendig kompetanse ut frå at kommunen stadig vil få meir ansvar og oppgåver jfr Samhandlingsreforma og Omsorg 2020. Me må difor tileigna oss og spreia nødvendig kompetanse for å stette nye og meir spesialiserte krav.

Stord kommune har i 2017 gjennomført 10-faktor tilsetteundersøking, der me finn at me skårar lågare enn landet elles på relevant kompetanseutvikling. Relevant kompetanseutvikling er avgjerande for at medarbeidarane til ei kvar tid er best mogleg rusta til å utføra oppgåvene sine med høg kvalitet.

Det er mykje kompetanse i organisasjonen, men me erfarer at det er utfordrande å dele kompetanse. Mykje av kompetansen er erfaringsbasert kunnskap som ikkje alltid kan forklarast i ein skriftleg rutine. Ved hjelp av film vil ein lettare kunne konkretisere og visualisere ulike rutinar og prosedyrar. Me vil i dette prosjektet leggje til rette for kontinuerleg fokus på spreiiing av taus kompetanse gjennom gode læringsarenaer. Dette vil me gjera ved å utarbeida ein visuell kompetansebank for spreiiing av kompetanse, ved hjelp av videoar der ein filmar situasjonar som er viktige for dei tilsette i deira daglege arbeid.

Andre kommunar som tek del: Ingen. Andre kommunar kan læra av modellen og filmar kan spreiaast utover kommunegrensene.

Organisering

Stord kommune organiserer prosjekt etter PLP metoden.

Prosjekt eigar: Rådmannen

Prosjektansvarleg: Kommunalsjef

Prosjektleiari: Frikjøp av tilsett

Prosjektgruppe: [Prosjektleiari, repr frå IKT, representantar frå aktuelle RHO einingar](#): sjukepleiar, helsefagarbeidar, vernepleiar, fysioterapeut, ergoterapeut, tillitsvalde.

Forankring i høve vedtaksorgan og overordna leiing

Søknaden er forankra politisk og i strategisk leiing.

Målsetting

Resultatmål:

1. Dei tilsette opplever å ha jobbrelatert og praksisnær kompetanse
2. Stord kommune har utarbeida ein visuell kompetansebank som er lett tilgjengeleg for dei tilsette.
3. Det er lagt til rette for sterkare medverknad frå tilsette i å dele kompetanse på tvers av avdelingar og einingar

Effektmål:

1. Dei tilsette opplever å lett kunne tileigne seg kompetanse og ser at dei får brukt eigen jobbrelevante kompetanse på ein god måte
2. Utvikle tenester med høg kvalitet til innbyggjarane i Stord kommune

Prosjektomtale

Prosjektgruppe som skal setjast ned skal arbeide med:

- Utarbeide ein visuell kompetansebank for RHO tenestene i Stord kommune
- Utarbeide mål og strategiar for kompetanseheving ved hjelp av ein visuell kompetansebank
- Utarbeide ordningar/rutinar for en visuell kompetansebank
- Laga opplæringsvideoar

Økonomi

| Tiltak | Søknadssum | Kom.midlar/drift |
|--|-------------|------------------|
| Lønsutgifter 60% stilling i 6 mnd, inkl sosiale utgifter | 200.000 | |
| Frikjøp av deltakarar i prosjektgruppe | | 100.000 |
| Frikjøp av personar til arbeid med filming | 50.000 | 50.000 |
| Driftsutgifter utviking av IKT plattform | 50.000 | 150.000 |
| | | |
| SUM | Kr. 300.000 | Kr. 300.000 |

Vurdering:

Stord skårar lågare enn landet elles på relevant kompetanseutvikling. Relevant kompetanseutvikling er avgjerande for at medarbeidarane til ei kvar tid er best mogleg rusta til å utføra oppgåvene sine med høg kvalitet.

Det er mykje kompetanse i organisasjonen, men kommunen erfarer at det er utfordrande å dele kompetanse. Mykje av kompetansen er erfaringsbasert kunnskap som ikkje alltid kan forklarast i ein skriftleg rutine. Ved hjelp av film vil ein lettare kunne konkretisere og visualisere ulike rutinar og prosedyrar. Kommunen vil i dette prosjektet leggje til rette for kontinuerleg fokus på spreieing av taus kompetanse gjennom gode læringsarenaer. Dette skal gjerast ved å utarbeida ein visuell kompetansebank for spreieing av kompetanse, ved hjelp av videoar der ein filmar situasjonar som er viktige for dei tilsette i deira daglege arbeid.

Filmane kan formidlast til andre kommunar, men er i utgangspunktet for eige bruk. Stord kommune tek blant anna gjennom dette prosjektet grep i korleis dei skal bli betre på kompetanseoverføring, og har erfaringar frå liknande prosjekt innan for andre tenesteområder.

Administrasjonen meiner at prosjektet bør prioriterast.

3. VELFERDSTEKNOLOGI I INSTITUSJON OG I TENESTER FOR PERSONAR MED UTVIKLINGSHEMMING

Bakgrunn:

I Stord kommune sin plan for rehabilitering, helse og omsorg (RHO) 2012 – 2021 er eit av fokusområda at kommunen skal ta i bruk velferdsteknologi som kan bidra til betre teneste for brukarane våre. Heimebaserte tenester har sidan 2017 nytta velferdsteknologi og fått gode erfaringar med bruken. Brukarane og pårørande melder at dei opplever auka tryggleik, mestring, sjølvstende, fridom og trivsel. Dei tilsette opplever at bruk av teknologi kan dei gi betre og meir effektive tenester. Dei kan nytte dei knappe ressursane på ein meir effektiv måte. Kommunen har tatt i bruk ulike sensorar som GPS, dørsensor, sengesensor mm. I tillegg er det fleire brukarar som har digitalt natt tilsyn, medisindispenser og multidosedispenser.

Kunnskapen og erfaringane kommunen har tileigna seg er ikkje direkte overførbare til bruk av teknologi innanfor institusjon og Eining for habilitering. Her er ei gruppe brukarar me må ha ei anna type tilnærming til når det gjeld velferdsteknologi. Stord sjukeheim skal opna ny avdeling for brukarar med rus og psykiatri problematikk. Kommunen byggjer og nye bustader for personar med utviklingshemming. Me ynskjer å auka kompetansen til dei tilsette og ta i bruk velferdsteknologi innan desse områda. Det er ei forventning i samfunnet at kommunen skal vera gode på velferdsteknologi og på dette område. For desse brukargruppene er velferdsteknologi lite prøvd ut og i samband med bygging av ny institusjon og bustader ynskjer me å sjå om velferdsteknologi kan bli meir integrert i tenesta.

Organisering:

Me søker om midlar til ein 40 % stilling i 3 månader og 20 % stilling i 9 månader. Prosjektleiaren skal ha ein koordinerande funksjon m.o.t. å få i gang kurs med faglege innhald t.d. pasient- og brukerrettighetsloven kap. 4 og kap. 4 A og helse og omsorgstenesteloven kap. 9, bruk av velferdsteknologi innan for områda, skape nettverk på tvers av tenestene, kunnskapsinnhenting frå eigen og andre kommunar og utarbeiding av metodebok for bruk av velferdsteknologi innan psykiatri og utviklingshemming.

Prosjektgruppa omfattar vidare einingsleiar for Stord sjukeheim, einingsleiar for Eining for habilitering, systemkonsulent i fagavdeling RHO og hovudtillitsvald frå Fagforbundet. Prosjektansvarleg er kommunalsjef i RHO.

Forankring i høve overordna leiing:

Søknaden er forankra politisk og i administrativ leiing. Prosjektet rapporterer til prosjektansvarleg.

Målsetjing:

Hovudmålet er å ta i bruk velferdsteknologi i institusjon og habiliteringstenesta som kan bidra til auka tryggleik og styrka brukarane si evne til å klare seg sjølv i kvardagen til tross for psykisk eller fysisk nedsett funksjonsevne. Det er og eit mål at velferdsteknologi skal bidra til betre ressursutnytting og kvalitet på tenesta.

Prosjektomtale:

Me søker prosjektmidlar for å auka kompetansen på aktuelle lovverk og ta i bruk velferdsteknologi innan institusjon og habiliteringstenesta. Kommunen heldt lokale for prosjektleiar og lønsutgifter ved møter i prosjektgruppa. Me søker om deler av utgifter til prosjektleiar samt kompetanseheving av omlag 40 tilsette. Desse tilsette er fagutdanna i store stillingar i dei aktuelle avdelingane. Dei skal delta i nettverk og opplæring og vil vera nøkkelpesonar i einingane for å ta i bruk og vidare drift av velferdsteknologi.

Økonomi:

Utgifter:

| | |
|---|---------------------------|
| Frikjøp av prosjektleiar i 20% stilling | kr. 200 000 |
| Prosjektmøter | kr. 20 000 |
| Kompetanseheving omlag 40 tilsette | <u>kr. 200 000</u> |
| Totalt | <u>kr. 420 000</u> |

Inntekter:

| | |
|---------------|---------------------------|
| Skjønsmidlar | kr. 210 000 |
| Kommunal del | <u>kr. 210 000</u> |
| Totalt | <u>kr. 420 000</u> |

Vurdering:

Stord kommune tek gjennom dette prosjektet eit spanande og utfordrande grep for å kunna ta i bruk velferdsteknologi innan institusjon og Eining for habilitering.

Samarbeidsrådet var i 2015 på studietur til Vejle i Danmark, der eit av områda me såg på var bruk og erfaringar med velferdsteknologi innafor institusjon og habilitering. Erfaringane i Vejle var svært positive.

Prosjektet som her vert skissert er framtidsretta og nødvendig. Kommunen har skissert at dette ikkje skal gjennomførast saman med andre kommunar. Administrasjonen meiner at det i alle fall er kunnskapsutvikling som kan overførast til andre kommunar.

I søknaden står det ikkje noko om samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Dei er komen langt i utvikling og bruk av velferdsteknologi, og bør vera ein naturleg samarbeidspartnar.

Administrasjonen meiner at søknaden må prioriterast.

4 FASTLEGEN I DEN KOMMUNALE HELSE OG OMSORGSTENESTA

Fastlegen i den kommunale helse og omsorgstenesta

Prosjektmål:

Det er sett i verk tiltak i samarbeid mellom fastlegane og dei andre tenesteytarane i kommunen i høve

- Tilgjenge
- Informasjonsutveksling
- Samstemming av medisinbruk
- Koordinering og oppfølging

Tiltaka har gjort tenestene tryggare på viktige samarbeidsområde

Bakgrunn:

Kvalitet og god ressursnyttning føreset at alle delane av helse- og omsorgstilbodet er godt integrerte. Kommunen må syta for at samarbeidet er føreseieleg for alle partar og at rutinar for samarbeid er godt kjent for alle som tek del.

Fastlegane tilbyr ei kommunal teneste etter avtale med kommunen. Kommunen skal leggja til rette for samarbeid mellom fastlegane og andre tenesteytarar og sikra ei føremålstenleg og god intergrering av fastlegeordninga i kommunen sitt tilbod om helse- og omsorgstenester (Fastlegeforskrifta §8). Kommunen si tenestyting og organisering av denne må gjerast kjend for alle.

Fastlegen skal ha medisinsk fagleg koordineringsrolle og samarbeida med andre relevante tenesteytarar om eigne listeinnbyggjarar (fastlegeforskrifta §19). Det er ein føresetnad for å kunna utøva dette at legen får og gjev naudsynt informasjon og mandat. Dette inneber og at fastlegen har system som gjer at andre tenesteytarar får tak i legen for å avklara naudsynte spørsmål eller gitt informasjon. Fastlegen har i tillegg eit eige ansvar for å kontakta andre tenesteytarar når faglege tilhøve ligg til grunn.

Om ein innbyggjar på lista har trong for langvarige og koordinerte tenester, pliktar fastlegen å informera om og vera med på utarbeiding av, individuell plan og koordinator i kommunen jf. forskrift om habilitering og rehabilitering (Fastlegeforskrifta §19).

Fastlegeordninga er under press i høve tilgjenge og kapasitet. Finansieringa er regulert gjennom sentrale forhandlingar. Einskildkommunane har liten påverknad knytt til desse tilhøva. Utviklinga i helse og omsorgstenestene set auka krav til samarbeid. Det skal vera system for samhandling og med deltaking frå pasient og brukar. Fastlegen vert ein viktig del av det samla tilbodet. I Stord kommune er dette særleg kome fram gjennom ulike effektar av Samhandlingsreforma, Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) og innføring av pakkeforløp innafor rus og psykisk helsevern (ROP). Den koordinerande funksjonen i kommunen vert sentral (koordinator, stafettlogg, forløps-koordinering). Tenesteytarane må vera og gjera seg tilgjengelege for kvarandre når det trengst.

Stord kommune har eit lokalt tverrfagleg prosjekt, «Godt å bu heime». Det gjeld fysisk tilrettelegging, førebygging og oversyn, men og eit trygt tilbod av tenester. Meldinga «Leve heile livet» legg vekt på eit trygt og tilgjengeleg tenestetilbod i siste livsfase m.a. i heimen.

No-situasjonen:

I helse og omsorgstenesta er samarbeid som ein nyttig og viktig reiskap i utøvinga av tenestene til beste for dei som treng dei. I mange tilfelle lukkast ein godt med dette. Likevel får individuelle tilhøve hjå tenesteytarane i for stor grad verknad for resultatet. Det er ei rekkje faktorar som avgrensar samarbeidet eller gjer det svært krevjande å gjennomføra tilstrekkeleg. Desse må gjerast

synlege og avklarast på systemnivå. Det må etablerast rutinar som høver inn i dagleg drift, og er slik at utøvarane finn dei nyttige og opplever dei som rasjonelle og effektive.

Stord kommune hadde eit prosjekt mellom heimebaserte tenester og fastlegeordninga i 2013/14. Fastlege var ein aktivt deltakande ressurs i prosjektet og dette vart opplevd som ein viktig suksessfaktor. Det resulterte i ein del rutinar og praktiske prosedyrar som har vore til nytte. Fleire kommunar viste interesse for det. Prosjektet fekk legeföreininga sin Kvalitetspris for primærhelsetenesta i 2015.

Prosjektomtale:

Stord kommune vil nytta erfaringane frå det førre prosjektet inn i ei vidare kartlegging av samarbeidet som går føre seg. Det skal vera fokus på kva som fungerer, kva hindringar som set grenser og kva som blokkerer for godt samarbeid. Me vil nytta ein liknande prosjektmodell for kartlegging av hemmande og fremjande faktorar for det vidare samarbeidet mellom tenestene. Desse skal nyttast i utvikling av tiltak. Resultata vil truleg kan vera til nytte for andre kommunar. Dette skal gjerast i nær dialog med tenesteytarane og brukarane i dei aktuelle einingane innfor helse og omsorgstenesta.

Den mest sentrale reiskapen er at fastlege får høve til å setja av tid i prosjektet og er den som driv dette.

Prosjektet vert avgrensa til einingane Heimebaserte tenester, Psykisk helse og rus og fastlegetenesta. Andre aktuelle einingar (t.d. Eining for habilitering, Førebyggjande tenester og barnevern) vert referanseressursar. Det skal takast omsyn til synspunkt frå desse ved utforming av tiltak og rutinar.

Resultat av kartlegginga skal liggja til grunn for framlegg til endringar som kan leggja til rette for eit betre samarbeid innfor dei ordningane og rammene som til ei kvar tid eksisterer.

Tiltak som krev sentrale vedtak skal førast fram for partane i dei sentrale forhandlingane (KS/Dnlf) med grunngjeving i evaluering av prosjektet.

Utarbeiding av prosjektplan med krav til statusrapport etter kartlegging og sluttrapport er ein del av prosjektet.

Prosjektet vert endeleg forma ut etter at eventuell tilsegn om skjønsmidlar ligg føre.

Stord kommune reknar med at bruk av fastlege som kjenner arbeidsformer, finansieringsordning og kultur innfor denne tenesta er ein viktig suksessfaktor i høve utvikling av rutinar og tilrettelegging for samarbeid på tvers av dei ulike tenesteområda. Det gjeld å finna små endringar innfor rammene – «plunder og heft», som kan gje rasjonalisering og kvalitetsbetring. Dei andre tenestene vil få utfordring i kva grad deira system og kultur kan tilpassast rammene for fastlege ordninga. Det vil byggja på evne til å sjå seg sjølv utanfrå, ei «vinn - vinn» tenking mellom tenestene. Resultat som til slutt vil gagna pasient og brukar, er ei viktig drivkraft.

Organisering:

Prosjektansvarleg: Kommuneoverlege

Prosjektleder: Fastlege

Prosjektmedarbeidar: 2 sjukepleiarar

Styringsgruppe: Einingsleiar Heimebaserte tenester, Einingsleiar psykisk helse og rus, Kommuneoverlege, Kommunalsjef for rehabilitering, helse- og omsorg

Ressursbruk:

Kartlegging og prosess:

60% stilling i ½ år fordelt på 3 personar med 20% kvar –fastlege og 2 sjukepleiarar.

Dokumentasjon gjennom rapport og godkjente rutinar:

50% stilling i 3 månader - sjukepleiar

Budsjett:

| | | |
|--|---------|----------------|
| Utgifter: | | 860.000 |
| Løn m/sos utgifter/praksiskompensasjon | 380.000 | |
| 60% i ½ år | 280.000 | |
| 50% i 3 mnd | 100.000 | |
| Møteutg./reise/div. | 50.000 | |
| Prosjektorganisasjon-deltaking | 30.000 | |
| Lokale/ <u>leige</u> utstyr og inv. | 200.000 | |
| Personell-prosess (møter/samlingar-i arbeidstid) | 200.000 | |
| Inntekter: | | 860.000 |
| Skjønsmidlar | 430.000 | |
| Kommunal del | 430.000 | |

Vurdering:

Utviklinga i helse og omsorgstenestene set auka krav til samarbeid. Det skal vera system for samhandling og med deltaking frå pasient og brukar. Fastlegen vert ein viktig del av det samla tilbudet. I Stord kommune er dette særleg kome fram gjennom ulike effektar av Samhandlingsreforma, Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) og innføring av pakkeforlaup innanfor rus og psykisk helsevern (ROP). Den koordinerande funksjonen i kommunen vert sentral (koordinator, stafettlogg, forlaups-koordinering). Tenesteytarane må vera og gjera seg tilgjengelege for kvarandre.

Prosjektet skal ha fokus på kva som fungerer, kva hindringar som set grenser og kva som blokkerer for godt samarbeid. Kommunen vil nytta ein prosjektmodell for kartlegging av hemmande og fremjande faktorar for det vidare samarbeidet mellom tenestene. Desse skal nyttast i utvikling av tiltak. Dette skal gjerast i nær dialog med tenesteytarane og brukarane i dei aktuelle einingane innafor helse og omsorgstenesta.

Resultat av kartlegginga skal liggja til grunn for framlegg til endringar som kan leggja til rette for eit betre samarbeid innafor dei ordningane og rammene som til ei kvar tid eksisterer.

Administrasjonen meiner at ein del av kostnadane er høge i høve nokre av postane og stiller ærleg spørsmål til posten lokale/leige utstyr og inv.

Resultata av eit slikt prosjekt vil truleg vera til nytte for andre kommunar, men administrasjonen meiner at prosjektet tenderer til drift.

5 KOMMUNEN SOM ATTRAKTIV ARBEIDSGJEVAR**Bakgrunn**


Ein arbeidsmarknad i endring vil utfordra kommunar som arbeidsgjevar og tenesteleverandør. Mangel på arbeidskraft vil skape ein ny og krevjande konkurransesituasjon der kommunar og fylkeskommunar konkurrerer seg mellom om den same arbeidskrafta, i tillegg til den ordinære konkurransen i arbeidsmarknaden.

Kommunesektoren står difor ovanfor store utfordringar når det gjeld arbeidskraft og sektoren uttrykkjer ei bekymring knytt til å rekruttera og behalda kompetent arbeidskraft, skapa sterke fagmiljø, effektiv bruk av ressursar og kompetanse på tvers av profesjonar. Det er auka behov for

leings- og omstillingskompetanse, digital kompetanse, samt spesialisert fagkompetanse særleg innanfor helse og omsorg.

KS' prognosemodell bereknar rekrutteringsbehovet fram til 2028. For Stord kommune viser modellen at det er eit behov på omlag 155 nye årsverk med sjukepleiarar og helsefagarbeidarar med fleire i sektoren. Denne trenden ser ein også for resten av landet. Andre stillingskategoriar har ein nedgang, svakare eller ingen vekst fram mot 2028, jf. fig. 1

Fig.1 Stord kommune- rekrutteringsbehovet 2018-2028.



Prosjektet

Stord kommune legg vekt på å ha vel fungerande prosessar for rekruttering. I all hovudsak rekrutterer kommunen i eigen regi til dei fleste stillingar i dag. Med bakgrunn i skissert utvikling framover av mangel på arbeidskraft, ny og krevjande konkurransesituasjon for kommunen, søker Stord kommune prosjektmidlar for å gjennomføre prosjektet «Kommunen som attraktiv arbeidsgjevar» innanfor rehabilitering- helse og omsorg. Dette m.a. med bakgrunn i KS sin prognosemodell for utvikling av behov for kompetanse og årsverk. Denne modellen viser at det i Stord kommune er eit behov for 155 nye årsverk i perioden innanfor sektoren. Dette er ein auke på 26 prosent i årsverk i høve 2018. KS Arbeidsgivermonitor 2017 viser at i nesten alle kommunar er det sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og leger som er mest utfordrande å rekruttera.

Kompetanse og rekruttering heng saman. Ei verksemd som satsar på kompetanse vil også kunne styrke sitt omdøme. Medarbeidarar som opplever å få brukt sin kompetanse vil i følge KS «Skodd for framtida», ha stor betydning for å prestera og å nå mål. Dette kan bidra til trivsel i jobben, indre motivasjon og verdiskaping. Det vert difor viktig del av prosjektet også å kartleggje kompetanse, bruk av kompetanse, behov for ny kompetanse, vidareutvikle gode kompetansmiljø m.m.

Det overordna for prosjektet vil vera å vurdere gode verkemiddel for:

Mobilisering, fornying og vidareutvikling av kompetansen som tilsette har, for å gjera dei betre i stand til å utføra noverande og framtidige arbeidsoppgåver

Rekruttering av nye kompetente arbeidstakarar til å utføra arbeidsoppgåver som kommunen har no og i framtida vurdere aktuelle tema som organisering av arbeidet, samarbeidsmåtar, arbeid med heiltidskultur m.m.

Det er ønskeleg å vera i forkant av utviklinga og utvikle og innføre tiltak som kan gjere kommunen til ein attraktiv arbeidsgjevar.

Strategisk styring av kompetanse er nedfelt i Kompetanseplan for Rehabilitering – helse og omsorg i Stord kommune. Det er naturleg at planen vert revidert i prosjektperioden.

Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.

Målsetting for prosjektet:

Rekruttera, utvikla og behalda medarbeidarar for å møte innbyggjarane sine behov for velferdstenester framover.

Samarbeidspartnarar

Det er ønskeleg å invitere kommunane i Samarbeidsrådet med som referansekommunar i prosjektet. Om ønskeleg kan kommunar også delta i prosjektet.

Søknadsbeløp

Kr. 500 000,-

Prosjektvarigheit

12 månader

Organisering

Arbeidet skal prosjektorganiserast i eigen organisasjon, og prosjektansvarleg er personal- og organisasjonssjef i Stord kommune. Det er ønskeleg å tilsetja prosjektleiar i 50- 100 prosent stilling i prosjektperioden. Prosjektleiar vil ha ansvar for gjennomføring av prosjektet, planlegging og gjennomføring av tiltak, implementering av tiltak og eventuell opplæring.

Økonomi

Utgifter

| | |
|--|-------------|
| Prosjektleiar, 100 prosent stilling i 12 månader | 700 000 ,- |
| Gjennomføring av tiltak i organisasjonen | 300 000 |
| Totalt | 1000 000 ,- |

Inntekter

| | |
|--------------|-------------|
| Skjønsmidlar | 500 000 ,- |
| Eigne midlar | 500 000 ,- |
| Totalt | 1000 000 ,- |

Vurdering:

Ut i frå KS sine berekningar står kommunane framfor store utfordringar i høve til å rekruttera kvalifisert arbeidskraft. Dette gjeld særleg innanfor områda rehabilitering- helse og omsorg. Stord kommune riggar no eit prosjekt for å møte desse utfordringane, gjennom dette prosjektet. Hovudmålsetjinga er å rekruttera, utvikla og behalda medarbeidarar for å møte innbyggjarane sine behov for velferdstenester framover.

Kommunane i Sunnhordland vert invitert inn i prosjektet som referansekommunar. Det vil vera positivt for alle partar. Arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane skal vera deltakarar.

Administrasjonen meiner at intensjonane med prosjektet er gode, men saknar ei meir konkret skisse på kva som skal gjerast for å nå målsetjinga. Administrasjonen legg til grunn at dette vert ein del av rigging og oppstart av prosjektet.

Kommunane må ta tak i dei utfordringane som kjem innan rekruttering og kompetanseheving i helsesektoren, og meiner at dette prosjektet kan svara på nokre av dette. Prosjektet bør difor bli prioritert.

6 SAMSKAPING I PLAN

Bakgrunn for «Samskaping i planarbeid» er at alle kommunane Bømlo, Fitjar og Stord har starta arbeidet med nye kommuneplanar og har eit mål om samskaping og samarbeid i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS). Dei tre kommunane har felles behov for kompetanseheving og det kan vi gjere ilag. Bømlo og Stord fekk midlar til prosjektet i 2018, og utvidar no med Fitjar kommune frå 2019.

Kommunane vil ha både politiske og administrative treff for felles drøftingar og kompetanseutveksling, og slik dra nytte av kvarandre sine erfaringar. Planleggarar og folkehelsekoordinatorane i kommunane leiår prosjektet.

Konkrete tema er samarbeid om medverknad i planprosessen, felles inspirasjonsseminar, felles kompetanseheving på ulike felt innan planlegging. Kvifor gjere det kvar for seg, når det kan vere meir hensiktsmessig å gjere det i lag og dra vekslar på kvarande? Tradisjonelt har det ikkje vært vanleg med "interkommunalt samarbeid" i planarbeidet. Me tenker det ligg moglegheiter her for å utvikle godt samarbeid i kommuneplanarbeidet og kommunedelplanarbeidet.

Kommunane Bømlo, Fitjar og Stord utgjer den ytre delen av Sunnhordland, og er knytt saman med felles arbeids- bustad og servicemarknad. For å få til effektfulle tiltak i kommuneplanarbeidet er det difor naudsynt å løfta blikket frå den einskilde kommune, og leggja samordna strategiar i samfunnsutviklinga.

Inspirasjon seminaret synte trong for fleire, med ulike tema som t.d. Felles arbeidsmarknad, areal og transport, klima og energi

PROSJEKTKOSTNADER/ (REKNESKAP 2018), BUDSJETT 2019

| | 2018 | 2019* | Sum |
|--|-------------------|----------------|-------------------|
| Prosjektleiing (Felles for kommunane) | 142 326,29 | 175 000 | 317 326,29 |
| Frikjøp av ressurspersonar i organisasjon | 65 889,17 | 100 000 | 165 889,17 |
| Felles inspirasjon-/arbeidsseminar eit i 2018 og to i 2019 | 89 765,17 | 140 000 | 229 765,17 |
| Studietur (inkl. folkevalde) | | 50 000 | 50 000 |
| Diverse utgifter reise mellom kommunane, felle møter | 3062,81 | 10 000 | 13 062,81 |
| SUM | 301 043,44 | 475 000 | 776 043,45 |

*) summene er stipulert/ vil kunne bli justert.

SAMARBEIDSPARTNARAR

- Stord kommune
- Fitjar kommune
- KS (kompetanse og erfaringsresultat) og andre kommunar som har hatt prosjekt innan tema.
- Distriktssenteret, Kompetansesenter som Design og arkitektur Norge (DOGA), Bylivsenteret
- Hordaland fylkeskommune (kommunane har eigne plankontaktar der)
- Andre mynde

OVERORDNA MÅL FOR ARBEIDET

Målet er at dei tre kommunane skal saman få felles kompetanseheving og felles møteplassar gjennom samskaping i overordna kommuneplanarbeid. I dette ligg også samordna informasjonsinnhenting for felles utgreiingstema i kommuneplanarbeidet.

Prosjektet vil utgreie moglege formar for felles mål og strategiar mellom kommunane våre.

- Kompetanse hos dei som jobbar med KPS, planleggjarar og folkehelsekoordinatorar.
- Kompetanse hos dei som medverkar, både innbyggjarar, utviklarar/utbyggjarar og frivillige.
- Kompetanse hos dei folkevalde i dei tre kommunane
- Kommunikativ planlegging for å sikre breiare medverknad

Kommunane har nokre fellesfaktorar: Senterstruktur, kommunesentra, lokalsentra, nærsentra og eit felles regionsenter. Felles arbeids- og bu område. Felles næringsliv og offentlege arbeidsplassar. Fleire overordna omsyn er viktige i alle tre kommunar. Alle må ha fokus på næringsutvikling, reduksjon av klimagassutslepp og sjå samanhengen gjennom god areal- og transportplanlegging. Fokus på god medverknad i planprosessen, og her har kommunane ulike erfaringar og kunnskap ein bør utveksle.

Planstatus

Bømlo kommune har høyringsutkast til ny samfunnsdel ute på høyring våren 2019. Stord kommune arbeider med sitt planprogram for kommuneplanen, og skal ut på høyring våren 2019. Fitjar kommune har no høyring på planprogram for KPS, og skal vedta KPS våren 2020.

GRUNNGJEVING FOR VAL AV VERKEMIDLAR

Frikjøp av prosjektleiing

Samfunnsplanleggjar/kommuneplanleggjar/ansvarleg for kommuneplan i samarbeid med folkehelsekoordinatorane i begge kommunar vil arbeide ilag der ein av desse vil ha prosjektleiarfunksjon.

Frikjøp til å nytte ressursar i begge kommunar i samband med samskapingsprosjektet, og frikjøp av folkevalde som deltar.

Ein har gjennomført eit felles inspirasjonsseminar for kommunestyra i Stord og Fitjar hausten 2018. I tillegg var Samarbeidsrådet for Sunnhordland, ordførarar og rådmenn i sunnhordlandskommunane invitert. E Samlinga blei evaluert av dei som møtte opp, og det kom mange positive tilbakemeldingar på innhaldet. Det var i tillegg positivt å samla dei folkevalde i kommunane til drøftingar om lokal samfunnsutvikling.

Det er difor eit sterkt ønskje frå politisk leiing i kommunane om å halda fram prosjektet, i takt med kommuneplanarbeidet i kommunane. Det var ønskje om større høve til drøftingar mellom dei folkevalde, noko ein ønskjer å følgja opp i 2019.

I 2019 er det planlagt:

- Kompetansesamling for nye folkevalde om kommuneplanlegging og samfunnsutvikling, med studietur
- Samling for fagkomitear og administrasjonar om reduksjon av klimagassutslepp
- Felles utgreiingar og kompetanseheving for tema kommunane vil ha føremoner av å samordna i arbeidet med kommuneplanar, til dømes:
 - Attraktive senter – regionsenter, kommunesenter og lokalsenter
 - Lokal og regional mobilitet
 - Kommunalt klimaarbeid
 - Næringsutvikling
 - Kyst- og strandsoneforvaltning
- Samlingar og samordningsmøte for tilsette som arbeider med kommuneplanane

Det er eit ynskje å arrangere studietur som og inkluderer folkevalde med mål om å sjå til gode planprosessar i andre kommunar. Ein vil knyte dette til folkevaldopplæringa etter kommunestyrevalet hausten 2019, slik at dei nye folkevalde får innsikt i kommuneplanprosessane, kommunale plansystem og dei viktigaste utviklingstema i kommunane.

Vurdering

Kommunane i Sunnhordland valde i kommunereformprosessen å ikkje slå seg saman. I drøftingane som var i desse prosessane var det og eit alternativ å ha auka samarbeid i staden for samanslåing. Dette prosjektet er eit tiltak som støttar opp om dette.

Arbeidet starta med Bømlo og Stord, men Fitjar var tydelege på at dette arbeidet ynskjer dei å ta del i .

Målet er at dei tre kommunane skal saman få felles kompetanseheving og felles møteplassar gjennom samskaping i overordna kommuneplanarbeid. I dette ligg også samordna informasjonsinnhenting for felles utgreiingstema i kommuneplanarbeidet.

Prosjektet vil utgreie moglege formar for felles mål og strategiar mellom kommunane.

Kommunane har ein felles bu og arbeidsmarknad, og det er difor bra at det no vert lagt opp til eit felles arbeid med kommuneplanar.

Administrasjonen meiner at dette prosjektet må prioriterast høgt, og at det har overføringsverdi til dei andre kommunane.

Fleire av deltakarane bak prosjektet er med i det nyoppretta planforumet i Sunnhordland og dette bør vera ein arena for innspel og informasjon.

7 KOMPETANSE OG SAMARBEID RUNDT YNGRE, UTFORDRANDE BRUKARAR

Prosjektet handlar om å utvikla ei organisering, samarbeidsrutinar og kompetanseheving rundt kompliserte saker som kommunen har når det gjeld barn og unge.

Bakgrunn

Eit aukande antal barn og unge vert meldt til kommunen av foreldre, barnevern eller andre. Dette er gjerne kjente barn for kommunen med psykisk lidning, autisme-diagnose, utviklingshemming eller andre samansette vanskar, der skeivutvikling har eskalert både i heimen og i skule. Dei kan tidlegare både hatt avlasting og støttekontakt eller budd på barnevernsinstitusjon. Desse har no eit stort behov for oppfølging og nokre kan ikkje lenger bu heime mellom anna på grunn av aukande utagering eller sjølvskading. Det kan og vera omsyn til andre familiemedlemmar som sysken osv. som må ivaretakast. Nokre kan ikkje lenger bu ved barnvernsinstitusjon. Kommunen treng auka kompetanse og å utarbeida ansvarsdeling og organisering for å klara å gi den einskilde eit godt tilbod.

Barnehage, skule og støttetjenester har i fleire år brukt modellen BTI (betre tverrfagleg innsats) der me opplever bekymring knytt til barn. Her vert eit digitalt verktøy, Stafettloggen, brukt for å sikra tverrfagleg samarbeid og ivaretaking av barnet. BTI må knytast til dette prosjektet.

Andre kommunar

Andre kommunar kan ha same utfordringa og Stord kommune vil spreia og dela nye rutinar og praksis med desse.

Organisering

Stord kommune organiserer prosjekt etter PLP metoden.

Prosjekteigar: Rådmannen

Prosjektansvarleg: Kommunalsjef

Prosjektleiar: Frikjøp av tilsett

Prosjektgruppe: [Prosjektleiar, representant frå eining for psykisk helse og rus, frå eining for habilitering, frå tildelingskontoret, frå førebyggjande tenester og frå barnevernet.](#)

Forankring i høve vedtaksorgan og overordna leiing
Søknaden er forankra politisk og i strategisk leiing.

Målsetting

Resultatmål:

1. Dei aktuelle i hjelpeapparatet har kompetanse og det er laga system for kompetansedeling til beste for desse barna og ungdommane
2. Det er ei klar ansvarsdeling og organisering av arbeidet rundt desse barna og ungdommane
3. Det er utarbeide rutinar for samarbeidet med spesialisthelsetenesta

Effektmål:

1. Barn og unge med komplekse og store behov vert godt ivareteke i Stord kommune
2. Foreldre opplever å bli godt ivareteke

Prosjektomtale

Prosjektgruppe som skal setjast ned skal arbeide med:

1. Kartlegging av kompetansebehov og sørgje for at alle aktuelle einingar får naudsynt kunnskap
2. Utarbeide ansvarsdeling mellom aktuelle einingar
3. Samarbeid med spesialisthelsetenesta for utarbeiding av rutinar om felles utfordringar

Økonomi

| Tiltak | Søknadssum | Kom.midlar/drift |
|---|----------------|------------------|
| Lønsutgifter 50% stilling i 6 mnd, inkl. sosiale utgifter | 150.000 | 50.000 |
| Frikjøp av deltakarar i prosjektgruppe | | 100.000 |
| Kompetanseheving inkl. eventuelle reiseutgifter | 75.000 | 75.000 |
| SUM | 225.000 | 225.000 |

Vurdering:

Prosjektet skal resultera i at dei aktuelle i at dei aktuelle i hjelpeapparatet skal ha nok kompetanse til born og unge med komplekse og store behov vert godt ivareteke.

Administrasjonen meiner at dette prosjektet set fokus på eit område som vil kunna resultera i ein betra kvardag for unge i ein sårbar situasjon. Administrasjonen meiner likevel at deler av prosjektet fell inn under drift.

8. DET VIKTIGASTE I VERDA

Stortingsmelding 106L og Ot.prop 73 L peikar på behovet for støtte til familiar som har utfordringar og forebygging av omsorgssvikt, vidare vert det peika på vårt ansvar som kommune og at familiestøtte krev tverrfagleg samarbeid og mobilisering av nettverk. Kommunen har eit ansvar for å fremja livskvalitet og trivsel gjennom deltaking i sosialt fellesskap som gir alle ei kjensle av tilhøyrse. All forskning på barn og unge si utvikling syner kor viktig det er å høyra til.

Prosjektet handlar om å utvikla eit program som set fokus på inkludering og bidreg til etablering av robuste nettverk og støttande fellesskap. Gjennom programmet vil me setja fokus på alle kan vera med å bidra positivt til det enkelte barns utvikling, ta ansvar for å bry seg, og i periodar konkret kunna gå inn og vera omsorgsbasis for enkeltbarn som treng det.

Bakgrunn

Noreg har små sosiale ulikskapar sammenlikna med mange andre land, og dei fleste norske barn og unge har det bra og lever gode liv. Samstundes er det store ulikskapar. I Ungdata-undersøkjingane kjem det fram at blant ungdom med færrest sosioøkonomiske ressursar heimefrå, er det fleire som kjem dårlig ut på spørsmål om fysisk og psykisk helse, trivnad og sjølvbilet.

Utdanningsløpet startar tidleg for dei fleste barn i Noreg i dag; nokon er i barnehage allereie frå 1 års alder. Stord kommune arbeider allereie med inkluderande barnehage-, skule- og SFO-miljø, der fokuset er å gjera tilsette i skular og barnehagar medvitne si viktige rolle i barna sine liv, samt det å skapa gode relasjonar som gir tryggleik og grunnlag for læring, livsmeistring og medborgarskap i samfunnet. Inkludering handlar i stor grad om haldningar, handlingar, relasjon og kultur. For å bidra til eit meir inkluderande fellesskap vert det viktig å jobba ut mot føresette, ressurspersonar og innbyggjarane i dei ulike bydelane og skulekrinsane. Gjennom å arbeida fram ein modell, eit program ein arbeider systematisk med gjennom utdanningsløpet til borna, har ein moglegheit til å skapa tilhøyrse, nettverk og fellesskap. Det vil vera sosiale samankomstar, men og ein betydeleg kunnskapsdel, som tek høgde for å gjera innbyggjarane, familiare og barna medvitne på fellesskapet si styrke. Gjennom kompetanse om utanforskap og kva det fører til, samt refleksjonar ikring det å skapa inkludering i alt frå familieliv til feiringar og nærmiljø, kan ein formidla kunnskap om inkluderande miljø.

Programmet vil ta mål av seg til å arbeida fram ovannemnde og samstundes gi moglegheit til dei vaksne i lokalsamfunnet til å kunna bidra til å vera ressurspersonar for andre familiar. Målet er å sikt etablera ein «bank» med ressurspersonar i dei ulike lokalsammfunna. På den måten vil barn og unge som treng ny omsorgsbasis over kortare eller lengre tid ha moglegheit til framleis å vera ein del av sin skulekrins, venegjeng eller fotballlag.

Det er i fleire undersøkjingar skildra at barn og unge som må ha ny omsorgsbasis og kjem vekk frå sitt opparbeida fellesskap har dårlegare livsmeistring, læring og psykisk helse. Me ynskjer at eit slikt program kan bidra til å motverke dei negative kreftene som desse undersøkjingane syner. Det vil gi barna og dei unge ein betre føresetnad til å meistra livsutfordringar, mindre relasjonsbrot og ha større moglegheiter til å fullføra ynskja utdanningsløp. Dette vil på sikt vera positivt for det enkelte menneske, men og for kommunen i eit samfunns- og folkehelseperspektiv.

Programmet vil resultera i ei betre samordning av dei kommunale tenestene for barn og unge, barnehagar, skular, helsetenester, førebyggjande tenester og barnevernstenesta. Dette gjennom at tenestene vil delta aktivt med kompetanse og aktivitetar i programmet. Samt at ein byggjer ein

samhandlingsmodell som er i forkant og førebudd på dei vanskelege periodane i familiar sine liv, med tydeleg samhandling mellom barnehagar, skular, ressurspersonar og lag/organisasjonar på ein tydeleg og oversiktleg måte.

Me ynskjer i tillegg å knytta til oss kompetansesenter som regionsenter for barn og unges psykiske helse, spesialisthelsetenesta og andre ressurscenter for å utarbeida modellen og programmet. Me ser for oss at dette er eit prosjekt me vil jobba med frå hausten 2019 og ut 2021.

Organisering

Prosjekteigarar: Oppvekst- og utdanning i Stord kommune

Prosjektansvarlege: Kommunalsjef

Prosjektleder: Ikkje fastsett

Prosjektgruppe: Ikkje fastsett

Økonomi

| Tiltak | Søknadssum | Eigenfinansiering |
|--|------------|-------------------|
| Konsulentbistand | 50 000 | 50 000 |
| Prosjektleder | 270 000 | 270 000 |
| Utgifter til trykking og anna materiell | 80 000 | 80 000 |
| møter i prosjektgruppa og ulike arbeidsgrupper | 100 000 | 100 000 |
| Uføresette kostnader | 100 000 | 100 000 |
| Sum | 600 000 | 600 000 |

Vurdering:

Gjennom prosjektet vil Stord kommune arbeida fram ein modell/program som ein arbeider systematisk med gjennom utdanningsløpet til born i familiar som har utfordringar. Modellen skal resultera i ein betre samordna kommunal teneste for born og unge for å hindra og førebyggja omsorgsvikt, og gjera familie og born medvitne på at fellesskap gjer styrke.

Administrasjonen meiner at prosjektet set fokus på eit problemområde som er viktig å ta tak i. Overføringsverdien til andre er stor og administrasjonen meiner at prosjektet må prioriterast.

9. ALLE MED – HEILE VEGEN!

Stord kommune ynskjer å utarbeida eit utviklingsstøttande modulbasert program med livsmeistring og relasjonskompetanse i fokus. Målgruppa er elevar på ungdomstrinnet.

Bakgrunn

Stord kommune har utarbeidd ein strategi for ein inkluderande barnehage, skule og SFO. Målet er at alle barn og unge skal kjenna seg inkluderte, og strategien skildrar/ legg føringar for korleis alle tilsette i oppvekst skal ivareta det einskilde barn sitt utviklingspotensiale gjennom å fremja læring og livsmeistring og hindra utanforskap. Strategien handlar om verdiar, haldningar, handlingar, relasjonar og kultur.

I samband med ny læreplan som vert gjeldande frå 2020, vil Stord kommune vera i forkant i arbeid med ny overordna del gjennom å laga eit treningsprogram for livsmeistring og relasjonskompetanse i skulen. Prosjektet handlar om å laga eit læringsløp i skulen som gir barn og unge kjensle av eigenverd gjennom å oppleve meistring og vere aktør i eige liv.

Sosialt fellesskap og støtte vert viktig for den enkelte sin trivsel, livsglede, meistring og kjensle av eigenverd. Det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring i skulen har både eit individuelt og eit samfunnsmessig perspektiv.

Organisering

Arbeidsgruppa for prosjektet vil bestå av prosjekteigar, prosjektansvarleg, prosjektleiar, prosjektgruppe, samt referansegruppe.

| | |
|--------------------|---|
| Prosjekteigar: | Stord kommune |
| Prosjektansvarleg: | Rådmann |
| Prosjektleiar: | Kommunalsjef oppvekst |
| Prosjektgruppe: | Lærarar og/ eller skuleleiarar frå Nordbygdo, Nysæter og Stord ungdomsskule, elevrådsrepresentantar frå dei ulike skulane, folkehelsekoordinator og skulefagleg rådgjevar |
| Referansegruppe: | Rektorgruppa og Stord ungdomsråd |

Målsetting

Effektmål:

1. Ungdomane skal meistra eiga framtid gjennom å gjera gode utdanningsval slik at det vert færre skifte av fag i vidaregåande skule og flest mogleg fullfører vidaregåande opplæring.
2. Ungdomane rapporterer i *Elevundersøkelsen* på 10. trinn at dei trivst.
3. *Ungdataundersøkelsen* viser generell betring i ungdom si psykiske helse og kjensle av tilhørrelse.

Resultatmål:

1. Ungdomane får trening i sosiale dugleikar og auka medvit rundt korleis ein kan møte og meistra ulike situasjonar i livet – vera robuste nok til å tåle overgangar, motstand og motgang.
2. Ungdomane skal få verktøy og erfaring med korleis dei fungerer personleg og i samspel med andre og oppleve god psykisk helse – bli glade i seg sjølv!
3. ungdomane skal kjenna seg inkluderte – heile vegen.

Prosjektomtale:

For å realisera sitt fulle potensial og fremja elevane si psykiske helse, må elevane få trening i emosjonell og sosial kompetanse. Barn og unge treng systematisk trening i livsmeistringskompetanse for å lære å vere saman og lære å leve. Gjennom utviklingsstøtte vil skulane jobba førebyggjande med å utvikla sosial og emosjonell kompetanse med fokus på relasjonar, fellesskap og inkludering.

Det er dei vaksne som er nærast ungdomane i skulekvardagen, kontaktlærarane, som gjennom relasjon gjer dei kvalifiserte til å jobba med temaet livsmeistring. I ny læreplan er folkehelse og livsmeistring er eit tverrfagleg tema som skal inngå i fag der det er relevant. Lærarane og skulane må samarbeida om føringane for tverrfaglege tema før dei planlegg arbeid med kjernekomponentar i fag. Prosjektet Alle med- heile vegen! må passa inn i ungdomstrinnet sin kontekst. Prosjektet skal bere preg av klassemøte med rom for refleksjon og stor grad av medverknad frå elevane. Kommunen vil bruka erfaringar frå arbeid med MOT og ART i utforminga av ulike modular i programmet; desse skal vere felles for ungdomsskulane i kommunen.

Førebyggjande tenester vil ha ei viktig systemisk rolle i prosjektet.

Foreldra må få informasjon om og bli involverte i kva tema ein arbeider med i skulen slik at temaet kjem opp på fleire arenaer i ungdom sin livsfase og ungdom opplever heilskap.

| Økonomi | Søknadssum | Kom.midlar/drift |
|---|-------------------|-------------------------|
| Tiltak | | |
| Lønsutgifter 100% stilling i 7 mnd, inkl sosiale utgifter | 270.000 | 270.000 |
| Frikjøp av deltakarar i prosjektgruppe | 50.000 | 50.000 |
| Studietur | 25.000 | 25.000 |
| Utgifter til trykking og anna materiell | 35.000 | 35.000 |
| Uføresette kostnadar | 20.000 | 20.000 |
| SUM | 400.000 | 400.000 |

Vurdering:

Prosjektet tek tak i utfordringar som diverre er aukande – utanforskap. Kommunen vil utarbeida eit treningsprogram for livsmeistring og relasjonskompetanse i skulen. Prosjektet skal resultera i eit læringsløp i skulen, som skal gje born og unge kjensle av eigenverd gjennom å oppleve meistring og vera aktør i eige liv.

Administrasjonen meiner at dette prosjektet også vil kunna førebyggja fråfall i neste trinn, vidaregåande skule.

Dette prosjektet bør kunne gjennomførast i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Prosjektet har stor overføringsverdi til andre kommunar og bør prioriterast.

Vurdering og prioritering av søknadane:

Tidlegare år har Samarbeidsrådet valt å lage fleire prioriteringslister ut i frå dei ulike satsingsområda. Administrasjonen har fått melding frå Håvard Rød hos Fylkesmannen at dette ikkje var ønskjeleg at me fortsette med. Dei ønskte ei prioritering mellom alle søknadane.

På bakgrunn av dette har administrasjonen vurdert søknadane. Dette er blitt gjort utifrå nokre kriterier som administrasjonen har laga for å kunna skilje dei ulike søknadane.

Administrasjonen har vurdert søknadane ut i frå følgjande kriterie (poeng):

- Kor mange kommunar som er med i prosjektet – regionalt 5 poeng
- Overføringsverdi til andre kommunar 1-3 poeng
- Innanfor satsingsområda 2 poeng
- Vurdering av søknaden 1-5 poeng

Under vurdering av søknadane har administrasjonen lagt følgjande til grunn:

- Kan søknaden/prosjektet koma inn under drift

Totalt kan ein søknad få maks 15 p.

| SØKJAR | PROSJEKTNAMN | Regionalt (meir enn ein kommune) | Overføringsverdi til andre kommunar | Innanfor satsingsområda | Vurdering av søknaden | Total score |
|---------------|--|----------------------------------|-------------------------------------|-------------------------|-----------------------|-------------|
| Sveio kommune | Prosjekt Framtidsretta kommunale tenester i NAV | 5 poeng | 3 poeng | 2 poeng | 3 poeng | 13 poeng |
| Stord kommune | Kompetansebank for rehabilitering, helse og omsorg i Stord kommune | | 2 poeng | 2 poeng | 3 poeng | 7 poeng |
| Stord kommune | Velferdsteknologi i institusjon og i tenester for personar med utviklingshemming | | 3 poeng | 2 poeng | 4 poeng | 9 poeng |
| Stord kommune | Fastlegen i den kommunale helse og omsorgstenesta | | 2 poeng | 2 poeng | 1 poeng | 5 poeng |
| Stord kommune | Kommunen som attraktiv arbeidsgjevar | | 1 poeng | 2 poeng | 3 poeng | 6 poeng |
| Bømlo kommune | Samskaping i plan | 5 poeng | 3 poeng | 2 poeng | 5 poeng | 15 poeng |
| Stord kommune | Kompetanse og samarbeid rundt yngre, utfordrande brukarar | | 3 poeng | 2 poeng | 1 poeng | 6 poeng |
| Stord kommune | Det viktigaste i verda | | 3 poeng | 2 poeng | 3 poeng | 8 poeng |
| Stord kommune | Alle med – heile vegen! | | 3 poeng | 2 poeng | 5 poeng | 10 poeng |

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland vedtek følgjande prioritering:

| PRIORITERT | PROSJEKT | SØKNADSKOMMUNE | SØKNADSBELØP |
|------------|--|----------------|---------------|
| 1 | Samskaping i plan | Bømlo kommune | Kr. 475 000 |
| 2 | Prosjekt Framtidsretta kommunale tenester i NAV | Sveio kommune | Kr. 1 000 000 |
| 3 | Alle med – heile vegen! | Stord kommune | Kr. 400 000 |
| 4 | Velferdsteknologi i institusjon og i tenester for personar med utviklingshemming | Stord kommune | Kr. 210 000 |
| 5 | Det viktigaste i verda | Stord kommune | Kr. 600 000 |

| | | | |
|---|--|---------------|-------------|
| 6 | Kompetansebank for rehabilitering, helse og omsorg i Stord kommune | Stord kommune | Kr. 300 000 |
| 7 | Kompetanse og samarbeid rundt yngre, utfordrande brukarar | Stord kommune | Kr. 225 000 |
| 8 | Kommunen som attraktiv arbeidsgjevar | Stord kommune | Kr. 500 000 |
| 9 | Fastlegen i den kommunale helse og omsorgstenesta | Stord kommune | Kr. 430 000 |